




Kva som skal og kan skje på dette området er eit av spørsmåla som må klargjerast (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dn første og største utfordringa no - etterat fylkesmannen har trukke motsegna mot reguleringsplanen for turistanlegga - er vurderinga som skal gjennomførast av flaumfaren.
Det slår verksemdsleiar Tormod Fosheim fast etter at han i ettermiddag har hatt eit møte med dei 2 turistvertane Steinar Myklebust (Rabben) og Geir Enes (Øyro). Det er NVE som har bedt om ei vurdering av flaumfaren før det blir tillete plassering av campingvogner og oppsetting av hytter.



Dei mest omdiskuterte områda er vist på denne skissa

Det skal fastsetjast kvar det er risiko for 200-årsflaum.

- Er dette ei ny, ålvorleg hindring for nødvendige og ønskelege tiltak ved dei 2 bedriftene, har uskedalen spurt Fossheim.
- Eg vil kalla det ei stor utfordring. Det første som må skje er å oppretta kontakt med eitt firma som kan gjennomføra ei slik analyse. Så kjem vurderinga av det resultat analysen viser og dei konsekvensar den får

- Vart konkrete tiltak likevel drøfta, til dømes opprusting av toalettanlegget?

- Nei, toalettanlegget vart ikkje drøfta. Men vi var innom vidare utnytting av areal utan at det vart lagt fram konkrete planar.

Framfor alt gjekk vi

gjennom planen og føresetnadane den set for drifta. Telt og tretelt var også eit aktuelt tema som vart drøfta.

Av Ola Matti Mathisen